IL STRAND-ULV / LUNDARHEGNI NATURPARK

KORONATILPASSA INNBYDING



Kunstnar:
Anna Nerhus f. Roaldstveit

www.lundarhegni.no

Laurdag 23. mai kl 19.00
Koronatilpassa kulturkveld online

MYTOLOGISK IDRETTSGALLA

Idrettslaget Strand-Ulv fyller 50 år. I samband med dette jubileet tek me eit historisk attersyn og ser på sambandet mellom mytologi og idrett både internasjonalt, nasjonalt og spesielt lokalt. Kva krefter og tankar stod bak då idrettslaget blei oppretta i 1970?

Me vil hylla nokre gamle heltar og nokre gilde heidersmenn.
Dette skal vera mimring for dei eldste og sogeforteljing for dei yngste.

Mogeleg innhald:
Song, kåseri og prisutdeling i ulike kategoriar
50-års jubileum, O-mytologi, O-historie og O-galla
(Gallamiddag må kvar enkelt laga heima i si eiga stove)
Utstilling av gamle kart, avisutklypp, trykksaker m. m. blir litt amputert

Påmelding: ingen

Pris: gratis
Event. donasjonar til Vipps 522283 Lundarhegni Naturpark

Antrekk: Sløyfe, slips el. reint tøy
Samlingsstad: Framføre skjermen

Overnatting: Heima
Lundarhegni Naturpark opnar igjen for overnatting etter koronakrisa

Opplysningar: www.eventor.orientering.no el. tlf. 97185676

Velkomen!
www.lundarhegni.no

Sundag 24. mai (frå og med)
Frislepp av orienteringsløype, Hatlestrand, Kvinnherad

STALLSLEPPET

Løyper og klasseinndeling:
Ei løype ca. 3 km lang vil liggja ute i fleire veker

Premiering: Her må kvar og ein motivera seg sjølv

Arena: kart Hatlestrand Skule 1:5000 (nyrevidert)

Parkering: Hatlestrand Skule, event. Lundarhegni Naturpark

Start: Dag og tid styrer du sjølv

Terreng: Småkupert, delvis lettløpt, passar nybyrjarar

Lagsposar: Kart og løype skal du etter kvart kunna trykkja ut frå nettet sjølv, info. blir lagt ut på usynligo.no / lundarhegni.no

Elektroniske brikkar: Desse styrer me unna sidan ingenting skal rørast på postane. Får me dette til, så blir løpet laga til som usynlegO. Då må kvar enkelt lasta ned sin eigen app på smarttelefon frå usynligo.no

Påmelding: inga

Startpengar: gratis

Presse, informasjon, løpsleiing: Knut J Nerhus, tlf. 97185676
Løypeleggjar: Arnt O Femsteinevik
Tidtaking: Dette styrer du sjølv
Kartteknisk: Svein Linga